

Storfjordnytt

Fredag 26. november 1999 Nr. 44 20. årgangen Lausal kr 12,-

20 år

20 år

Søndag 28. november er det 20 år sidan første utgåva av Norddal Bygdeblad kom ut, lokalavisa for Norddal som seinare utvida dekningsområdet og vart Storfjordnytt.

20 år vel ikkje for noko jubileum å rekne. Det er helst ungane som likar å feire fødselsdagen sin. Likevel, vi tek sjansen på å markere 20 år med lokalavis i indre fjordstrok, om ikkje anna med eit lite ekstrasnummer. Ei avis som driv med så små marginar, treng av og til å minne seg sjølv på at ho er oppegåande. Det har vore gjort kvart femte år til no.

I denne utgåva har vi sett av mykje plass til mimring, og dei fleste av bidragsyttrarane er folk som har lagt ned mange arbeidstimar i avisa, for ikkje å snakke om alle dugnadstimane, gjerne på nattestid. Arbeidsforhol-

da i avisa har tydelegvis betra seg år etter år. Sjølv om veggene i redaksjonslokala har vore måla opp att, nytt møblement har kome inn og datamaskinane er skifta ut fleire gonger, sit nok litt av dugnadssjela att i veggene. Det skal vi framleis sørge for at ho gjer. Samstundes er det viktig for oss å gjere dette til ein attraktiv arbeidsplass.

For å sy saman denne utgåva av Storfjordnytt, ba vi mange om å kome med sine bidrag, og det har dei gjort. Vi takkar for at folk framleis stiller opp for lokalavisa. Samstundes nyttar vi høvet til å takke alle som er og har vore med på å halde lokalavis-prosjektet på indre i live i 20 år, både lesarar og annonsørar. Om fem år kan vi kalle det jubileum.

Storfjordnytt

Postboks 134,
6210 Valldal
Telefon: 70 25 78 50,
Telefaks: 70 25 77 71
ISDN:(easy transfer)
70 25 70 72

E-post-adresse:
storfjord.nytt@online.no

Utgjevar:
Storfjord Bladlag AS,
6210 Valldal

Bankgiro:
6560 05 04023

Postgiro:
0824 0171369

Sats og montasje:
Storfjordnytt, Valldal

Prent:
Cylindertrykk AS,
Sykkylven

Bladpris:
Heilår kr 440,-
Halvår kr 240,-

(Utanbygds student/
vernepliktig,
heilår kr 220,-)

Randi Flø,
redaktør
917 19 637

Liv Marit Indreeide,
dagleg leiar
70 25 70 34

Else Ragni Yttredal,
journalist
942 63 726

Alfred Nilsen,
medarbeidar
70 25 92 74

Annonseprisar:

Vanleg plass:
kr 3,50 pr. mm

Tekstside:
kr 4,50 pr. mm

Fargetillegg:
kr 350,- pr. farge

Gode rabattar for faste kundar og for lag og organisasjonar!

pressens faglige utvalg
PFU

STORFJORDNYTT ARBEIDER ETTER «VÆR
VARSOM»-PLAKATEN SINE REGLAR FOR GOD
PRESSEKIKK. DEN SOM MEINER SEG RAMMA
AV URETTMESSIG AVISOMTALE, VERT OPPMODA
TIL Å TA KONTAKT MED REDAKTØREN.
PRESSENS FAGLIGE UTVALG (PFU) ER EIT
KLAGEORGAN OPPNEMT AV NORSK
PRESSEFORBUND. ORGANET, SOM HAR
MEDLEMMAR FRÅ PRESSEORGANISASJONANE
OG ALLMENNHETA, HANDSAMER KLAGER MOT
PRESSEN I PRESSEETISKE SPØRSMÅL.

ADRESSE: PRINSENSGT. 1, Pb. 46
SENTRUM, 0101 OSLO.
Tlf: 22 41 56 80, Faks 22 41 19 80.



20 ÅR

20 år? Tjue år! Det er nesten som eg ikkje kan tru epostmeldinga eg fekk her i Australia. Så langt borte både i tid og stad kan det vel hende at minnet om dei første åra blir noko skeivt. Men kva gjer vel det når det er tale om eit blad med eiga slagside? (For lengst har eg sjølv sagt skrive og etterlyst ein nettversjon av SN - så her Alfred & Co - her ligg det ei oppgåve og ei utfordring og ventar! For, når eg kjenner etter, av og til saknar eg dei heilt lokale nyhenda som SN er så åleine om..)

Det første bladlaget

Utan bladlag - ikkje noko Norddal Bygdeblad. Skulle eg høyrte på dei som dreiv med avis i 1979, ville ikkje SN ha eksistert i dag. Tiltaket starta då også med eit minimum av kapital, om eg ikkje minnest feil, 113 luteigarar. Ingen skulle gå frå gard og grunn om vi mislukkast. Bladdrifta var basert på dugnadsprinsippet og teknologien skulle vere så enkel at sjølv eg kunne greie jobben. Eit helgakurs i regi av Sunnmøre Frilynde var heile bakgrunnen. John Aarønes og eg var deltakarane frå Norddal.

Dei første utgåvene

Skulen i Fjørå var redaksjonslokale for dei første utgåvene. Eg rakk så vidt å bli ferdig før skulen skulle starte. Så måtte montasjen bringast til Sylte på sykkel (eg hadde ikkje sertifikat den første tida). Så var det med buss til trykkjeriet i Sunnmøre Arbeideravis. Dei hjelpte også med bileta, reproen og logo for bladet samt dei første famlante overskriftene. Ei stund heldt vi til i kjellaren på rådhuset. Utan telefon og med berre ein lufteventil mot verda hadde vi ei eiga spalte: sett frå bladstova. Ho var heilt svart...

Dugnadsavisa

Første tida var vi jamt 3-4 som arbeidde med å skrive ut tekstane i spalter og monterer dei på sidene. Etter kvart fekk vi ein skrivemaskin med rett høgremarg, eit lite minne og fleire skrifttyper. Eit stort framsteg for oss. (Året etter kunne vi ha kjøpt ein liten datamaskin for halve prisen..) Med ei lita kopi-maskin gjekk det no an å lage egne overskrifter utan for mykje bry og det gjekk an å lage ei avis som såg nesten "proff" ut.

Tormod Sunne

Mange skulle ha vore nemnde i samband med dette jubileet, men eitt namn merkar seg ut. Utan hans hjelp ville dei første åra verkeleg ha vore vanskelege. Han var eit teknisk vidunder. Då vi fekk nyss om at det var eit reprojektor til sals i Krund (N) tok han bilen, ei stasjonsvogn, og henta det. Det var så stort at det berre så vidt gjekk inn i bilen. No vart han reprojektor som ordna med alt av bilete. Maskinen måtte stå i kjellaren hos han til vi fekk lokale i Gamlebanken. Då fekk vi kameraet på plass i det som før hadde vore pengebungen til Norddal Sparebank. Våren 1985 hadde eg eit vikariat i Volda og i denne tida produserte Tormod avisa så godt som åleine.

Landslaget for lokalaviser (tidlegare landslaget for norske bygdeblad)

Frå starten av kom vi med i det faglege arbeidet og ei stund hadde vi også sekretæren for LNB hos oss med eige kontor. Aashild Dale først, seinare eg. Den gongen måtte ein ha eit opplag på 2.000 for å få statsstøtte. NB var ei stund den minste medlemsavisa med eit opplag på 5-600. I dag er statstilskotet til slike småaviser ei av årsakene til at vi ei mangfaldig og meir balansert presse. Nyttig for oss var dei mange kursa rundt om i landet som landslaget kunne by på.

Nattarbeid

Dei fleste av dei 9 åra eg var i NB var eg i halv stilling i skuleverket. Når avisa skulle ut (kvar 14. dag) vart det ofte nattarbeid. Då vart eg ikkje forstyrra i skrivinga. Men det var hardt å stå bak katetret etterpå og yte sitt der

også. Avisa vart i grunnen aldri heilt ferdig før ein halvtime etter at busen gjekk. Derfor kunne det vel hende at det vart nokre handskrivne leiarar og overskrifter når det kneip om som verst. Det hende vel ein gong eller to at avisa kom ut dagen etter..

Mykje slit men også mykje moro

Sjølv om tingartalet ikkje var så høgt, hadde eg inntrykk av at NB blei lesen. Spesielt god tilbakemelding fekk eg frå norddalingar i "utlegd". Det som kanskje tregar litt i ettertid var vanskane med å følgje opp alle gode intensjonar. Som td. Store Norddalske, eit biletleksikon frå a til å, ei barneside eller Framhaldsoga om Bygde - som skar seg etter 10-15 kapittel... (For ti kroner fekk alle som ville bli med i soga og få heiderleg omtale..) Det som gleder no er at avisa verkeleg blir brukt!

Ideen bak

Ideen bak - å etablere ei eiga avis på landsbygda, kanskje med ei lita grafisk verksemd ved sida av, har andre ført vidare. Min innsats har kanskje vore å verke som ein "jordfar". Og etter kvart som teknologien går vidare, kjenner eg meg meir og meir som ein sjuande far i huset... Lykke til med dei neste 20 åra!

Terje Linge



Frå Norddal Bygdeblad til Storfjordnytt

Ut frå visdomsordet at du angrar mest på det du ikkje gjer, tok eg på meg etter fleire rundar med overtaling av styreleiareren - å bli bladstyrar i dåverande NB. Saman med den gamle bladstyraren og eldsjela Terje Linge skulle vi med med ny aksjekapital gjere NB om til ei fast vekeavis. Vi skulle tredoble abonnementtalet og fleirdoble annonseinntektene. Dette måtte til skulle

vi nå tak i den statlege avisstøtta. Kort sagt: NB skulle ta spranget frå å vere ei lokalavis tufta på idealisme og dugnadsinnsats frå mange. Den nye lokalavisa skulle bli ein levedyktig arbeidsplass i Norddal og ein møteplass for idear/synspunkt om korleis kommunen vår skulle utvikle seg.

Om dette arbeidet kunne eg ha skrive fleire artiklar. Eg nøyer meg her med ein kort kortversjon. Om vi skulle lukkast med målsettingane forstod eg raskt at NB ikkje kunne nå tak i nok tingarar berre i Norddal og av utflytta norddalingar. Derfor tok eg kontakt med Stordal kommune og næringslivet i Stordal for å sjå om det var interesse for ei lokalavis som dekte indre Storfjord. I Stordal var interessa stor - større enn forventet. Det var presentert ein ideell mal over korleis SN skulle redigerast for å kunne bli mest muleg likverdige lokalavis for begge kommunane. Det var få innvendingar mot forslaget. Derfor gjekk NB over frå å vere eit lokalt bygdeblad for Norddal til å bli Storfjordnytt - for Indre Sunnmøre.

Tida som redaktør i NB og seinare SN kan kort samanfattast slik: Frå måndag til onsdag morgon klokka 8.30 gjekk mest i eitt. Fleire gongar leverte vi avisa på morgonbussen utan å ha lese over det vi skreiv. Særleg hardt gjekk det ut over leiaren på side 2. Fleire gongar vart den skriven tidleg på morgonen etter å ha vore i avisa samanhengande over 20 timar. Ein gong ba eg lesarane finne feil og min gamle norsklesar fann 24. Målet med leiaren var at avisa alltid skulle ha ei meining som folk kunne reagere på. Då ville SN få fleire lesarinnlegg. Følgjelig ville det bli mindre å skrive for oss to i halv stilling. Den strategien lukkast ikkje heilt. Til vår store undring vart det få lesarinnlegg. Først då leiaren av reiselivslaget lufta ideen om at kommunen vår skulle skifte namn frå Norddal til Tafjord, vakna dalsbygdarane.

Slik starta vi: To i 50% stilling. I dag: 3-4 stillingar. Det har då gått rette vegen? Men debatten er vel noko livlaus????

Svein Linge



Sjå side sju

Når den sjuande (eller i alle fall femte eller deromkring) far i huset vert beden om å skrive nokre linjer til jubileumsnummeret til Storfjordnytt, får han ei kjærkomen anledning til å setje seg ned og tenkje seg godt om. Det er no elles eit lite kårkallprivilegium det, å kunne tenkje seg godt om. Det kunne han sjeldan eller aldri tillate seg i hine hårde dager på gamlebanken. Det meste av tankar, ord og gjerningar gjekk som regel på direkten, men han kom då frå det med livet og helsa sånn nokolunde i behold, og skal no meir en gjerne prøve å vekkje opp dei hjernecellene som har ansvaret for perioden 1989 til 1997, då han var meir eller mindre med på laget.

Nokre av dei nemnde cellene gjekk nok dessverre til grunne i det pensjonerte bankhvelvet - det desidert dårlegast ventilerde rommet på heile indre Sunnmøre, som såleis var eit naturleg val når avisa skulle ha seg mørkerom. Kor mykje spanande avgassar - kjemiske og sjølvproduserte - vi inhalerte der, er eg glad vi ikkje har registrerte verdiar for, for då hadde vi nok for lengst teke vår død av bekymringar.

Bekymringar var det elles nok av knyttta til det rommet. Vi kunne jo aldri vere heilt trygge på korleis det ville gå. Blandingsforhold på framkallar og fikseringsvæske, temperatur og dørdisiplin vart til tider utsette for livsfarlege skjønsmessige vurderingar alt etter kor lenge det var att til den berømte «deddlin». Og hadde alle hugsa å levere alle filmene? Kva med den som stod i kameraet? Ikkje den nei... Men kadevadevaejsa: Deadline ja. Meir misbrukt ord finst vel ikkje i småavis-verda. Eigentleg betyr det absolutt siste frist, men

mange definerer det visst som «Kor-lenge-skal-vi-vente-med-å-levere-resultata-frå-skirennar-for-fjortendagarsidan». Handskrivne. På svak telefaks som ikkje kom heilt gjennom. Men kanskje var det berre til pass for oss. Slik går det jo gjerne når ein ikkje lærer seg kunsten å seie nei. Berre ein gong kan eg hugse at svaret gav seg sjølv. Eg stod og bladde gjennom det ferdige produktet som nettopp hadde kome frå trykkeriet. Då stod det plutseleg ein mann i døra: «Det er vel gjerne for seint å få med noko i avisa denne veka?» Eg måtte gje han rett i det.

Jau, dei demrar så smått minna no, om fem annonser på lista då «fristen» gjekk ut, og femten til som kom til i løpet av innspurten, og som vi ikkje hadde råd til å takke nei til. I ettertid kan ein humre over slikt. Men helst i ettertid.

Eg glei visst litt ut no. Var eg ikkje i mørkerommet? Eg må vel ta med den svartaste dagen i historia til det før nemnde lufttomme rommet. Naturen og kjemien tok då ein nådelaus hemn over nonsjalansen. Akkurat kva som hende – kva feil eg gjorde, for det var underteikna sitt heile og fulle ansvar – har hjernecellevenene min vore så venlege å drage eit aldri så lite dårleg framkalla slør over, men faktum er at plutseleg stod eg der med fire blanke filmar. Triste greier, og ei kjelde til nokre minutt med oi-ing og off-ing. Men syndaren samla nervane i nødens stund og stupte inn i det svarte holet igjen. Han tenkte: «Vi får sjå kva som er på dei tre som er igjen før vi fortvilar.» Det fekk vi ikkje. Dei vart like blanke, så vidt eg hugsar av ei anna årsak enn dei fire første. Rett skal vere rett: På enden av den eine av dei sju celluloidrensene (som skulle innehalde alt vi hadde fotografert i løpet av veka) kunne vi med litt velvilje kjenne igjen byggeskikknemnda på synfaring på Sylte. Med all respekt for byggeskikknemnda; Dette var eit noko tynt utgangspunkt å komponere ei avis ut frå. Men avis vart det sanneleg likevel, med hjelp av arkivet og ein god porsjon kollektiv kreativitet. Og etterpå er det i alle fall artig å tenkje tilbake på. Eg vil gjerne understreke etterpå. Forresten vart vi verdsberømte i heile lokalavisnorge for «nærleik til lesarane» etter det nummeret. Ingen andre ville visst våga å sende ut noko slikt...

No vil eg for all del ikkje mimre på ein så ansvarslaus måte at lesarane sit att med ei kjenle av at alt gjekk på lykke og

fromme. Faktisk vart det meir og meir struktur på saker og ting, etterkvart som vi glade amatørar (amatør betyr forresten ein som driv på med noko fordi han likar det) gjekk livets skule og gjorde oss ein del erfaringar. Til dømes hugsar eg godt korleis vi lærte at det kan vere lurt å ha ein sideplan. Eg meiner det var i Hege Elin si tid, og vi var for ein gong skuld ferdige i nokolunde borgarleg tid. Nesten ferdige, får eg vel seie. Eg gjekk og pusla og kikka over sidene som var ferdig opplimte, flikka på små unøyaktigheiter her og der, og spurde liksom ut i lufta om side sju også snart var ferdig. «Side sju? – Side sju???» Svaret frå ho ved ombrekkingskjermen hadde ein urovekkande panikkaktig undertone. Side sju hadde ho vore sikker på var ferdig for lenge sidan, kunne ho melde, og no sat ho og gjorde siste finpussen på framsida. Den gode stemninga frå i stad datt rett i voksbadet, og opp kom eit par gløser. På tampen av ein trettentimars dag, når du anar mulegheita av å rekke ei ferje tidlegare enn vanleg, treng du ikkje slike kreativitet er på det mest blomstrande, kan latskapen vere ein god hjelp; I staden for å gå i gong med å gjere om att fire-fem ferdige sider for å få stoff til den tomme, laga vi kjapt ei ny: Ei heilsides eigenannons som oppmoda alle om å klippe ut kupongen og sende inn for å abonnere på Storfjordnytt. Til og med ei lita framside-tilvising vart det, slik at det såg ut som om dette var noko vi hadde planlagt lenge.

Moralen er: Den som ikkje er rådalus vert korkje raualau eller avislaus. Og utan litt galskap og evne til glatt å oversjå uoverstigelege vanskar skal du då heller ikkje gje deg i kast med å lage noko slikt som Storfjordnytt. Då går du nemleg glipp av mykje av moroa. Og då får du kanskje heller ikkje – som meg – sitje lenge et-terpå og ha det kjekt med å tenkje tilbake på kor fole kjekt det ofte var.

Gratulerer med dagen, og lukke til vidare, alle dokke på bladstova frå nå **Ola** PS Er det for seint om eg kjem med ei lita annonse tirsdagskvelden?

DS



Eg bøyer meg i støvet

Og det også bokstavleg tala. Då vi skulle arbeide med denne utgåva av Storfjordnytt, hadde vi sett av to sider til ei slags bildekavalkade, med foto tilfeldig plukka frå ulike utgåver av avisa. Dette arbeidet venta vi med til slutt, fordi vi trudde det skulle vere fort gjort. Det var det ikkje.

Då vi endeleg fann ut av systemet i bildearkivet dei første åra, gjekk det greitt. Plutseleg var det noko rot, men då vi såg i ei avis at dette var bilde nummer 5000, kom vi inn i det att. Noko stort oppslag var ikkje dette, men det var klesvasken til Solbjørg Berli, som har vaska draktene til herrefotballaget til Valldal i alle dei år. Det var forresten siste kampen det året, så no kunne vasken henge lenge på snora.

Også seinare vart det litt rot i systemet, men vi berga oss gjennom. Det var ikkje litt ugreie i bildearkivet som gjorde at dette arbeidet tok tid. Nei, vi måtte bla gjennom alle årgangane av avisa. Å bla er enkelt, men plutseleg fell auga på eit bilde, på ein tittel, og dette må vi sjå nærare på. Å, var det slikt? Dette visste eg ikkje, og så må eg til å lese. Det var nyfikna som gjorde at det tok tid.

Det slår meg for ein dokumentasjon som finst i avisa. Den som skal skrive bygdebok om 50 år, vil få store problem med å avgrense seg. Her finst det kjelder i rikt monn, alt frå store hendingar som opninga av Tafjordvegen til tombola for Redd Barna sett i stand av initiativrike og velmeinande born. Alt no kan det å bla tilbake i avisa gi eit godt inntrykk av korleis bygdesamfunnet var for 20 år sidan. Det har faktisk endra seg, og utviklinga vil gå sin gang. Dess lenger tid som går, dess viktigare blir avisa som historisk dokumentasjon.

Randi Flø



Når nokon ringte til avisa og spurte om å få kultur-redaksjonen eller marknadsavdelinga, var det artig å seie "ein augenblik", setje samtalen over til ein annan telefon på Gamlebanken og begynne samtalen på nytt der. Nokon kunne i alle fall få tru at dei hadde kome til ei stor medieverksemd. Men eg har alltid visst at det beste med Storfjordnytt er at avisa slett ikkje er så stor.

Det hender rett som det er at eg set meg ned for å sakne det å jobbe i Storfjordnytt. Sakne det å intervju og skrive. Sakne det å lage avis. Viss eg sit lenge nok kan det hende at eg endåtil saknar å dekkje hopprenna i Fjellbakken. Ikkje det at det hadde behøvd å vere så mykje verre enn andre sportshendingar. Det var berre slikt at eg aldri lærte å ta på det ekstra paret med ullsokkar. Eller eg kan sakne det å distribuere avisa på vinterveg til Kilsti, eller å bli vekt av trykkeriet på onsdag morgon (dagen derpå i avisa) av at den elektroniske oversendinga hadde slått seg vrang. Eg saknar i alle fall det morosame og utfordrande miljøet i redaksjonen. Og den veldig korte avstanden til lesarane.

Mitt første møte med Storfjordnytt-redaksjonen var som utplassert 9.klassing frå Valldal skule i arbeidsveke våren 1991. Denne veka gjekk Storfjordnytt konkurrans. Stemninga var ikkje god. Men beundringsverdig arbeid frå mange eldsjeler gjorde at avisa var på gata att berre få veker etterpå. Storfjordnytt sin eksistens har alltid balansert på ein hårfin knivsegg. Men at eg no kan gratulere Storfjordnytt med sine 20 år vitnar om at folket på indre vil ha lokalavisa. Eg tenkjer ofte på kor heldige vi er, både som lesarar og annonsørar, som har vår eiga avis, trass lite innbyggartal og næringsliv, og stor konkurranse frå andre media.

Ein finn mange ungdommar i lokalavis-redaksjonane. Dette vitnar om kor viktige lokalavisene er for rekrutteringa av journalistar i Norge.

Lokalavisene er for mange første steget inn i det spanande skriveyrket. Sjølv var eg 19 år då eg vart tilsett som journalist og 21 år då eg vart redaktør, og kan soleis takke Storfjordnytt for å våge å satse på unge medarbeidarar. Eg håper på at vi også i framtida vil ha eit mangfald av aviser og ei variert presse. Både fordi det gir arbeidsplassar og at det betyr mykje for identiteten til eit lokalsamfunn.

Storfjordnytt har alltid vore langt framme når det gjeld å følge med i den teknologiske utviklinga. Eg er difor svært spent på korleis Storfjordnytt ser ut om 20 nye år.

Thomas Rem Berdal



medium også i framtida, må det vere eit tett samspel mellom avisredaksjon, næringsliv og privatpersonar. Ikkje så å forstå at nokon skal fortelje redaksjonen kva avisa skal skrive om. Heller ikkje skal avisa seie kven som skal skrive lesarinnlegg eller kven som skal annonsere. Her må det vere eit frivillig samspel, der kvar og ein er merksame på når tida deira er inne.

Redaksjonen må ha oversyn nok til å vite kva som er naudsynt å skrive om. Annonsørane må sjå når det er viktig å bruke avisa til å marknadsføre seg sjølve og vere med å halde avisa oppegående. Lesarane må ikkje vere redde for å meine noko og la dette kome fram i ytringsspalta. Her skal alle bidra i frivillig medverknad også i framtida. Med dette vil eg gratulere Storfjordnytt og lesarane med tjuve års eksistens. Så er det opp til det frivillige samspelet å avgjere om avisa skal eksistere i minst tjuve år til.

Med vennleg helsing
Morten O. Stemland

Redaktørane i lokalavisa gjennom 20 år

Lokalavisa og ætdeboka

- Når eg har vore vekk i snart 40 år, kjenner eg ikkje dei unge. Men med eit kjent etternamn, går eg på ætdeboka for å finne ut kven dei er, seier Hildegunn Uri Bækken.

Ho kallar seg gardkjerring og grisbonde. Sidan 1972 har ho og mannen drive med gris og korn på Løten. Då Norddal Bygdeblad kom ut for første gong i november 1979, hadde ho vore borte heimanfrå i snart 20 år.

- Bortsett frå ætdeboka er avisa det beste Terje har funne på i verda, seier ho, og meiner Terje Linge, som er søskenbarnet hennar. Lokalavisa vil ho gjerne kalle brevet heimanfrå.

Her finn ho det ho treng å vite om folk heime. Kven som er død, kven som har gifta seg og kven som har fått ungar. Ho understrekar at det er veldig viktig at folk brukar etternamn i helsingane. For henne som har vore borte så lenge, er det ikkje nok berre med eit bilde og eit førenamn.

- Og så må dokke passe på å få inn alt, frå bryllaup til fødsjar. Slikt får eg ikkje vite på annan måte, seier ho og legg til: Ja, ja, eg får vite ein del når eg ringjer tante Sigrid.

Klassekameratar

- Les du alt?

- Eg prøver i alle fall å følgje med i kva som skjer heime, seier Hildegunn.

- Synest du det er for mykje Stordals-stoff?



Ein ivrig kryssordløysar Hildegunn Uri Bækken på Løten.

- Eg hadde ein god del skulekameratar frå Stordal då eg gjekk på Stranda, så eg synest det er berre kjekt å lese om kva dei driv med no, kva Paul Stavsen held på med for eksempel. Det same gjeld Geiranger. Når eg får Storfjordnytt, så får eg brev både frå Norddal, Geiranger og Stordal, fortel ho og hugsar at mora ikkje likte det når Stor-

dal kom med. Men Hildegunn synest det er ein fordel med litt meir kontakt mellom bygdene.

Ein periode tidlegare i år synest Hildegunn det var bilde av svigerinna Karin Uri i nesten kvar utgåve, så kom det ein periode der ho ikkje var med.

- Då tok eg og ringde henne og spurde om var sjuk, ler Hildegunn.

- Er det noko du hugsar spesielt godt av det som har stått i lokalavisa?

Ho kan ikkje kome på noko som har gjort spesielt inntrykk. Før dette intervjuet henta ho fram dei gamle avisene. Sjølv om ho ikkje fann posen med aviser frå dei tre første åra, kan ho ikkje kome på noko spesielt. Ho innrømmer

TEKST: RANDI FLØ

FOTO: PRIVAT

at ho har samla på avisene i mange år, ikkje dei aller siste.

Kryssord

Om nokon ikkje skjønner kvar dei har namnet Hildegunn Uri Bækken frå, kan det kanskje vere som vinnar av kryssordpremie. Kor mange kruser og T-skjorter frå Storfjordnytt ho har, har vi ikkje oversikt over, men ho er ein av våre trufaste innsendarar. No når Terje Linge, som har laga kryssorda til oss, er på andre sida av jordkloden, lurar ho på kva tid det kjem nytt kryssord. Ho har stor sans for Terje sine oppgåver, ikkje minst når han brukar nokre av desse gamle orda frå dialekten. Det er det litt artig å bryne seg på. Og ho har tipsa Terje om mange gamle ord, til dømes lappegople. Det betyr froskeegg. Ho venta lenge før ho fekk tilbakemelding på dette tipset. Då det endeleg kom, hadde han brukt berre egg som stikkord, og då vart det gople. Kryssorda gjer også sitt til at ho har mange samtalar med Asbjørg Rørstad på Sjøholt.

- Etter kvart som ein blir eldre, blir ein fole oppteken av det som var før, ikkje minst ord og uttrykk, seier ho og tipsar om at i Marta Schumann si ordliste er det mange slike ord som ikkje lenger blir så ofte brukte.

Fem på buda

Fem på butikken i Geiranger vart spurde om deira forhold til Storfjordnytt. Spørsmåla var desse:

1. Abonnerer du på Storfjordnytt?
2. Ved nei: Kvifor ikkje?

Ved ja: Kva er bra og kva er dårleg i avisa?

Guri Knivsflå

1. Nei, men eg les ho på biblioteket der eg arbeider.

2. Det er kjekt å lese om det lokale, kva som skjer i bygdene. Det er ein god del stoff frå Geiranger. Eg veit ikkje kva eg saknar.



Anne Giskemo (mor) og Edel Johanne Hole

1. Ja

2. Eg likar det lokale, ting vi kjenner i bygdene og nabobygder. Eg har ikkje tenkt over kva eg ikkje likar.



Edel Flydal

1. Nei.

2. Har ikkje gjort det. Eg er så gammal at eg ikkje rekk å lese. Eg ser litt i det når det kjem til eldrebustaden der eg bur.

Nærast er best



Lesarar på Nyhjelle i Eidsdal: Halvor og Liv Peterson.

TEKST: ELSE RAGNI YTTREDAL
FOTO: ELSE RAGNI YTTREDAL

- Hallo.

- Hei, det er Else Ragni Yttredal frå Storfjordnytt. Vi skal ha eit jubileumsmagasinet.....

Eg prøver å forklare alt på best mogleg måte.

- Og no så ville vi gjerne ha snakka med ein lesar.....

Journalisten ventar spent.

- Tjaaaaa, kjem det frå andre enden.

Det er Liv Peterson som er der.

Eg held fram å snakke fint for meg.

- Eg er ikkje den beste til å snakke for meg, prøver ho å unnskylde seg.

Etter ei stund med overtvingar er det i boks. Neste dag skal eg møte henne og mannen Halvor til ein lesarprat.

Nærast best

Halvor og Liv Peterson seier dei ikkje har så mykje å bidra med, men nesten før eg har sett foten innanfor døra, kjem det:

- Kanskje kunne dokke hatt noko slikt som ei spalte med "Min dag" eller noko. Der kan dokke snakke med folk om kva dei driv med i kvardagen. Eg trur dei fleste har noko interessant å fortelje, foreslår Liv.

Det vert vel ofte slik at dei same personane går att i avisa, kanskje er dette ein ide. Elles er, som forventa, artiklane frå det som er nærast også best.

- Eg les stort sett stoffet frå Norddal, men eg hopper over Stordal, seier Liv.

I alle fall ikkje meir enn overskriftene, modererer ho det til.

Og stoff frå Geiranger er OK.

Men kjekkast er det når stoffet er frå Eidsdal, der dei bur.

- Sjølv om vi veit om det, er det kjekt å sjå det på trykk, seier dei.

- Kva i avisa har gjort dykk eitrande sinte?

Dei vrir litt på seg, tenkjer seg tydelegvis om.

- Neeeee, seier Halvor.

- Kan ikkje kome på noko spesielt, seier Liv.

- Vi klarer altså ikkje å forarge folk skikkeleg, tenkjer eg.

Ja, ja, kanskje er det like greitt. Liv synest i alle fall det er bra vi ikkje har ein VG-profil på avisa.

- Kanskje er nokre av lesarinlegga for personfokusererte, kjem dei på.

Dei er i alle fall einige om at reguleringa av Eidsdal sentrum er den saka som har engasjert dei to mest opp gjennom åra.

Både Halvor og Liv Peterson kjem frå Hjellane i Eidsdal. Dei har ikkje gått over bekken etter vann. Saman bur dei på Nyhjelle - eller heime på Dalen, som det også vert kalla.

- Eg veit ikkje heilt kor lenge vi har abonnert på Storfjordnytt. Vi har vore litt til

og frå, men vi har i alle fall vore faste sidan 1985.

Så kjem det, det vi er ute etter:

- Det er kjekt når Storfjordnytt kjem. Vi slost litt om kven som skal lese den først, vil gjerne vite kva som går føre seg, er dei einige om.

Ekstra kjekt er det sjølv sagt å høyre at Liv samlar på Storfjordnytt, og har avisa frå lang tid tilbake. Kva ho samlar til er ho ikkje heilt sikker på.

- Kanskje er det noko ein vil sjå tilbake på ein gong, seier ho - lite grann usikker.

Likevel, det varierer kor mykje det er å lese, det er dei einige om.



Oddrun Mølsæter

1. Nei
2. Eg har andre blad, synest eg har nok.



Geir Olsen

1. Ja.
2. Eg synest avisa er bra. Meir stoff frå Geiranger enn Sunnmøringen på Stranda. Avisa kunne godt kome to gonger i veka.



Kommunikasjon

Det handlar om kommunikasjon, vert det sagt. Ei lokalavis handlar om kommunikasjon. Og kommunikasjon er viktig. Truleg kjem det av latin, av verbet *comunicare*. Ein eller annan skulelærer i ei forgangen tid har fotalt meg at det tyder noko slikt som å gjere noko felles som før ikkje var det. Laug han, så lyg eg. Men det høyrer i grunnen rimeleg fornuftig ut. Ei lokalavis er i alle fall viktig for kommunikasjonen i lokalsamfunnet. «*Communicare necesse est*» - det er naudsynt å kommunisere - kunne han gjerne ha sagt, det latinske fyndordmakaren. I staden snakka han om å navigere.

Kommunikasjon er så mykje no for tida. Før var også det enklare. Kommunikasjonar - det var bussar og ferjer det. Og ein og annan drosjebilen. Eldre folk i min barndom brukte uttrykket «drosjebil» om småbilar. Ei kone heime delte det som trilla etter vegane inn i følgjande kategoriar: Bussar, lastebilar, folkevogner og drosjebilar.

Det var vel ei velsigna enkel tid? Ja, på ein måte. Men ikkje på ein annan. Det var enkelt på den måten at det som regel kom ein buss. Han kunne vere temmeleg sein - men han kom. Problemet var at han ikkje gjekk så langt - i alle fall ikkje innover. Det var nemleg den tida at vegane stort sett gjekk på utsida av fjella. Når det dukka opp eit fjell, var det altså stogg. Då var det ferje. Og slikt tok tid. Derfor drog vi som budde heilt i den yste utkanten av det som i dag er dekningsområdet til Storfjordnytt, sjeldan innover. Ikkje langt innover, i alle fall. Valldalen, for ikkje å snakke om til dømes Fjørå og Tafjorden, var eksotiske namn dei fleste berre hadde høyrte om.

Den tida måtte vi heilt til byen for å kome til tannlækjar. Vi tok på oss finetrøya og topphua med kvit rand, knappa skjorta heilt opp i halsen og steig på åttebussen med ei verdsvant mine og reisepengar i ei klam hand og pungen i den andre. Ofte tok bussen laust før vi hadde sett oss. Lommeforet på baklomma kunne ha vrenget seg, til dømes, så vi plundra med å få pungen på plass

att. Då kunne vi nesten dette over ende mellom seta. Vi kom oss fort på beina att og sette oss lynsnart. Raudfargen på øyrene var sikkert synleg heilt til vi forsvann i mørkret i Visettunne-len.

Før vi dribba hadde vi sett at bak i bilen sat det stappfullt med folk. Lengst bak kunne vi sjå - og stundom også høyre - folk som sov med halvopne munnar. Vi visste at dei truleg kom frå dei indre fjordstroka og hadde byrja å reise før fugl skeit på jord. Ikkje sjeldan var det born mellom dei.

Dersom dette var om våren - i teeløysinga - vart turen gjennom Brusdalen ei bokstavleg tala skakande oppleving. Morosame folk sa at denne vegen ikkje sorterte under Vegdirektoratet, men var overført til Teledirektoratet. Det kunne halde hardt å halde på dei to brunostskivene ein hadde pressa ned før ein for heimanfrå under slik forhold. Og bak i bussen var det sjølvsagt endå verre. Dei som sat der, hadde reist ein halv dag allereide og vore gjennom eit utal humpar og holer både før og etter ferjeturen. Vi torde ikkje snu oss, men lyden og lukta leivna ingen tvil - det hadde blitt for mykje for einkvan. Epidemien spreidde seg - og før vi nådde asfalterte strok i utkanten av bygrensa var det til dels utrivelege tilstandar også lenger framme i bussen.

Slik er det ikkje lenger. No er vegane asfalterte, fjella gjennomhola og bussane meir komfortable. Dessutan er det ikkje så mange som reiser med dei lenger. Talet på drosjebilar, som dei sa før, har auka dramatisk. Og dessutan har det kome tannlækjararkontor både her og der. Dei indre fjordstrok er vel så sentrale som dei ytre og det er ikkje nokon som synest det ber av om eit pensjonistekkepar t.d. frå Dyrkorn køyrer til Sylte i Valldalen for å kjøpe seg ein softis ein søndag ettermiddag om sommaren.

Det eg eigentleg skulle seie - før det barst så aldeles ut på viddene - var til lukke med dei 20 åra Storfjordnytt!

Helsing
Vidar Parr

Det året dei ikkje feira 17. mai i Eidsdal

No har eg nådd den alderen at folk ber meg om å sjå tilbake på ting. Uffa mej!

Det første som fall meg inn då ho Randi sa at Storfjordnytt er 20 år i slutten av november, var: Er det verkeleg så lenge sidan jentene i 9. klasse lagde russeavisa Oppsop? Vi var ikkje russ, men vi fekk forhandla oss fram til å lage avis i staden for å ta båtførarprøven som valfag på tampen av ungdomsskulen.

Norddal bygdeblad (NB) kom ut med utjamne mellomrom etter den første utgåva 28. november. Redaksjonen og administrasjonen var identisk med Terje Linge, og bladstova heldt hus på Fjørå skule. Det var der vi òg sat med skrivemaskin, saks og limstift våren 1980. Vi sette annonsar på høgkant for å få sidene til å gå opp. Men det var meir originalt at NB-redaktøren ein gong måtte ty til kulepennen på leiarplass på grunn av teknisk svikt.

Eg rakk så vidt å arbeide i Norddal bygdeblad før avisa utvida nedslagsfeltet og skifta namn til Storfjordnytt. Eg har aldri vore noko glad i det namnet, men det har overlevd i ti år.

Å arbeide saman med Svein Linge og Terje Linge, var ingen spøk. Ikkje fordi dei var lærarar, men fordi dei laga avis etter skuletid. Det vart mykje nattarbeid og lite overskot til å tenkje nytt og å få med seg kva som skjedde på bygdene. Det var på denne tida eg lærte at ein aldri skal skrive «framhald i neste nummer» eller love å kome attende til ei sak. Vi lanserte til og med spesialutgåver som aldri kom. Sjølv om avisa var meir amatørmessig den gongen, har kanskje noko av sjarmen og tonen gått tapt i profesjonalitet i dag.

Eg vart i avisa i eitt år, og det kan eg takke Magne Krogh for. Han var datakjennaren som redda oss gong på gong, seint på kveld, og han sa at det var lurt å halde ut eitt år med tanke på framtida. Utan dette året, ville eg ikkje ha kome inn på journalisthøgskulen. Og utan journalisthøgskulen, ville eg nok ikkje ha kome heim att

til Storfjordnytt i 1993. Ola Relling hadde vore i avisa fleire år, og arbeidd for å få fleire stillingar og folk som kunne faget. Alfred Nilsen fekk orden både på bilet- og annonsekvaliteten.

Vi arbeidde framleis seine kveldar, men aldri meir om nettene. Det seier seg sjølv at å arbeide alle måndags- og tysdagskveldar og så skulle dekke arrangement på kveldstid og i helgane i tillegg, er slitsamt. Difor fekk vi av og til kjeft for at vi ikkje hadde vore ein stad, at vi alltid var i den bygda, men ikkje i den andre osb. Av og til visste vi ikkje at det hadde vore noko arrangement, heller. Enkelte er flinkare til å tipse om ting som skjer, enn andre.

Dette er lokalavis på godt og vondt. Godt fordi lesarane er nære og kan kommentere avisa og gi deg tips når dei møter deg på gata. Vondt fordi ein av og til har trong for berre å vere seg sjølv, og ikkje bli assosiert med avisa når ein er ute blant folk. Førmonene med å arbeide i lokalavis, er at ein veit kven ein skriv for og har eit konkret nedslagsfelt. Her eg sit no, i Dag og Tid i Oslo, har eg den føremonen at eg kan gå ut på gata utan at nokon veit at eg er journalist. Ulempa er at det er vanskeleg å definere lesaren når abonnentane er spreidde over heile landet, skriv nynorsk eller bokmål, er kristne og heidningar, radikale og konservative, unge og gamle.

Difor er det sjeldan eg opplever det som eg opplevde heime eit år. 17. mai fall på ein tysdag, den dagen Storfjordnytt blir gjort ferdig til trykking, og vi var berre to personar på jobb. Vi fordelte bygdene så godt vi kunne mellom oss og lagde ein dobbelsidig reportasje frå 17. mai-feiringa med bilete frå dei fleste bygdelaga.

Då eg var ein tur på rådhuset ei stund etter 17. mai, forstod eg at det er visse ting ein ikkje skal rokke ved.

- Feira dei ikkje 17. mai i Eidsdal i år, var spørsmålet eg fekk frå ein eidsdaling.

Tiril Rem

Fraktar deg til og frå



The advertisement shows three buses parked on a road. The first bus is labeled 'ENIGH HOTELL', the second 'TURBUSS', and the third 'Turvagn'. In the background, a large ferry boat is on the water, with a mountain range behind it.





Møre og Romsdal Fylkesbåtar as

Med Storfjordnytt til det aller inste

- Hei, huff, nei, slapp av, ooæææ.



- Her ligg vi og skumpar opp og ned i bilen. Det er ikkje berre dans på raude roser akkurat. Først trykkjer dei på oss i Sykkylven, så er det å liggje og dumpe i buss, på ferje, så bil. Dei køyrer så uforsiktig at.... Avisene ligg og klagar i bilen til avisbod Asmund Lykre på veg inn fjorden.

Butikken

Første stopp er butikken i Tafjord. Nokre av avisene får merkelapp, ein bunke vert skilt frå dei andre. Saknar dei kvarandre?

Møtet i butikken vert heftig. Ein journalist ligg på slep, og tek bilete. Butikkmannen vender seg bort så snart han ser lysglimitet. Ingen store faktar ved overrekkinga akkurat.

Oppi garden

Ferda går vidare oppi garden.

- Journalistspira får visst det ho er ute etter, kviskrar avisene.

Ein kar kjem og hentar ein av dei akkurat idet Lykre svingar inn framfor postkasene.

Journalisten snakkar med karen. Ivar Tafjord brukar visst å vere snar å hente avisa. Han snakkar om frukt. Trivest visst med å stelle dei.

- Pravda vert avisa kalla, seier han.

Han har høyrte det slik i Valldal. Han skuldar på valldalingane. Journalisten vil vite kvifor. Pravda er russisk og tyder sanning. Den sovjetiske partiavisa heitte Pravda. Ho får ikkje elles ei god forklaring. Vi får berre spekulere.

Tafjord peikar stolt på ein plakett på hushjørnet.

- Vi fekk godt vern prisen i 1995, seier han.

Huset ser fint ut. Preget av det gamle er godt teke vare på. Journalisten vil høyre kva mannen meiner om avisa.

- Eg likar minst når ordførarar uttalar seg om ting dei ikkje har greie på, seier han.

- Ho er god nok til meg. Eg synest no om avisa, held han fram, og innrømmer at det er tante Gunnlaug Tafjord som abonnerer. Dei bur i same hus.


Hella

- Ta det med ro! Eit syn kor humpete denne vegen er.

Avisene skrik, men ingen høyrer etter. På vegen ned mot Hella er det inga bøn. Du må køyre gjennom nokre hol.

- Sjå kor journalistdotten spring etter han og plagar han.

Avisene snakkar seg imellom om journalisten - og bodbringaren som slett ikkje



- Dei kallar ho Pravda, seier Ivar Tafjord.

er så interessert i å verte fotomodell. Han slepp ikkje unna.

- Dei er så innpåslitne desse journalistane, klagar dei.

Men den utsende får ikkje det ho er ute etter. Berre ein grå haustdag og nokre postkassar på rekkje og rad, ikkje ei sjel å sjå.

- Ho trur sikkert dei står og ventar på oss med lengsel og sverte, slarvar avisene.

Dei kunne sjølve ha tenkt seg det slik, men tør ikkje innrømme det.

Trøene

Ved Trøene og Årjuene er det like stille. Ingen kjem springande for å sjå kva avisa har å by på denne dagen. Det er lett å sjå at journalisten er skuffa. Ein bøygd nakke gir tydelege teikn.

Bodet ser ut til å ta det heile med stor ro. Han er kjend med vanane til folket i bygda.

På Årjuneset skjer det noko. Ei dame kjem tøflande ut mot postkassene når bodet

kjem. Journalistvesenet lyser opp. Endeleg nokon å ta bilete av.

- Det er greitt, det er ikkje noko spesielt eg saknar. Skulle gjerne hatt programmet til Radio Storfjord til torsdag, seier Turid Vad om avisa.

Journalisttufsen ser letta ut. Ho hadde vel venta ei skyllebøtte.

Bodbringaren pustar også ut. Han er ikkje vand med all blinkinga i blitzar.

- Eg har vorte ein einstøing, forklarar han.

TEKST: ELSE RAGNI YTTREDAL
FOTO: ELSE RAGNI YTTREDAL



Turid Vad saknar aller mest eit Radio Storfjord-program fram til torsdag.



Ikkje lett å ta eit bilete framanfrå av avisbod Asmund Lykre.

– å kunne lene seg tilbake i ein god stol og sjå etter lokalt stoff som interesserer deg.



20 år i kuling og solgangsbris

Avisa som i starten var eit typisk dugnadsprodukt med Terje Linge som krumtapp, har i dag vakse fram til å vere ei lita mediebedrift med 4 tilsette og ei årsomsättning på nærare 2 millionar kroner. I tillegg til avisdrifta blir det m.a. produsert brosjyrer og internettsider for bedrifter og politiske parti, turistguidar m.m. Alt blir redigert elektronisk på data, og det ferdige produktet blir sendt over telefonlinje til trykkeriet. Bedrifta kan i dag ta på seg oppdrag også utanfor nærområdet. Kompetanse, pris og marknadsføring er her dei viktigaste suksessfaktorane. Avstandane betyr mindre enn før. Den teknologiske utviklinga har gjort det lettare å produsere avisa, og har også vore ein føresetnad for å utvide drifta til nye område.

Starten

Ein haustkveld i 1979 var det samla 10-15 menneske på rådhuset i Valldal. Tema var oppstarting av ei ny lokalavis, og diskusjonen gjekk livleg. Dei fleste var vel klar over at dette var eit prosjekt som var vanskeleg å få til å bere seg økonomisk, men stemninga var likevel at ein ville prøve mot alle odds. Det vart valt eit interimstyre med Svein Ruset, Arnhild Lied, Terje Linge, Hallvard Taffjord, Astrid Fossheim, Atle Vik og Tore Hauge. Sistnemnde vart vald til formann. I tillegg vart Terje Linge vald til skripar og bladstyrar. For å skaffe kapital vart det bode inn til lutteikning, og i løpet av nokre veker hadde det teikna seg om lag 130 luteigarar som kvar hadde betalt inn 100 kroner.

Møteplass for Norddalingar

28. november kom altså første nummeret ut med 8 sider, trykt i Sunnmøre Arbeideravis sitt trykkeri. Dei store sakene var det nyleg avvikla kommunevalet, at Valldal Idrettslag var 60 år og Taffjord Ungdomslag 85 år. Dessutan var første løyvinga til Taffjordvegen tema, og forsida var prega av at ungdomslaget Dag i Dalsbygda hadde starta opp att, og hadde halde grendafest. I leiarren tar bladstyraren Terje Linge opp det ideologiske grunnlaget for å starte avisa, og han skreiv m.a.: "Aviser har stort sett vore byttakt som speglar av bykulturen og marknadsfører han utover landet. Så kjem strømmen og informasjonspresstet frå radio og TV - frå byen og utover landet. Frå bygdene har det gått ein annan straum, ungdom som søker seg ut. Dette har tappa bygdene for unge krefter og ført friskt blod til byane." Vidare skreiv han: "Vi vonar at alle norddalingar skal kjenne seg heime i bladet, at det må bli ein møtestad for heimeverande og utflytte norddalingar. I eit større perspektiv vonar vi å bli ei støtte for bygddekulturen, for nynorsken og for Utkant-Noreg."

Det første året

Avisa kom etter dette ut kvar 14. dag. Mange tok del i skrivedugnaden og leverte inn stoff. Likevel var det nok Terje Linge som måtte binde det saman slik at det vart ei avis av dette. Han fekk etter kvart god hjelp av



Dugnadsgjengen markerer eittårsdagen til Norddal Bygdeblad. Bak frå venstre: Nina Grøndahl, Nils Eldar Linge, Kjell Rønning og Ola Relling. I midten frå venstre: Astrid Skatvedt, Anne Grøndahl, Eva Muribø og Inger Marie Linge. Framme frå venstre: Sverre Torshaug, Terje Linge og Tormod Sunne.

28. november 1999 er det akkurat 20 år sidan første nummer av Storfjordnytt (tidlegare Norddal Bygdeblad) kom ut. For meg som på ulike måtar har vore knytt til avisa gjennom dei fleste av desse åra, er det ei glede å kunne konstatere at avisa er i god gjenge i jubileumsåret. Det har ikkje vore sjølsagt i alle desse 20 åra.

TEKST: KJELL RØNNING

Tormod Sunne som var teknisk medarbeidar. Dei første nummera vart sydde saman heime hos Terje i lærarhusværet på loftet av Fjørå-skulen. Men ut på våren vart det gjort avtale om å bruke eit av kjellar-romma på rådhuset til redaksjonslokale. Det vart i mars også valt eit permanent styre for bladlaget, og den første styreformannen var Arnhild Lied.

Namnet på avisa, Norddal Bygdeblad - forkorta til NB, var opprinneleg ein arbeidstitel for avisa. Men sidan ingen fann på noko meir treffande, vart namnet ståande heilt til dekningsområdet mest 10 år seinare vart utvida til Stordal, og namnet vart endra til Storfjordnytt.

1-årsjubileum

Då avisa i november 1980 hadde kome ut i eitt år, inviterte bladstyrar Terje Linge inn til fest heime hos seg i lofts-husværet på gamle-posten. Der vart det fullt hus og stor stemning med ein del av dugnadsgjengen i avisa samla. Det blei servert god mat, og kreative sjeler hadde laga jubileumsplakat og Noregskart for å symbolisere at avisa no også nådde utflytte norddalingar over heile landet. Stemninga var optimistisk, og alle syntest det var stort at avisa hadde greidd seg bra gjennom første året. Talet på abonnentar hadde nådd 430, og var på god veg mot dei 500 som var målsetjinga då avisdrifta vart sett i gang. Likevel var det nok magert med overskot til å løne bladstyraren, sjølv om abonnementsprisen vart sett opp frå 75 til 100 kr pr. år.

Det store spranget

I 1988 kom det til eit vegskilje. Terje Linge ønskte avløyning etter om lag 9 år med stor


innsats, men lite klingande mynt. Uttaket av løn var tilpassa overskotet i avisa, og det var ikkje mykje å bli feit av. Då Svein Linge overtok redaktøransvaret, ville ein prøve å auke inntektene. Det var nødvendig for å kunne tilsetje fleire som arbeidde i avisa, og for at dei som arbeidde der skulle kunne få ei rimeleg inntekt som var til å leve av. Det vart då satsa på at avisa skulle kome ut ein gong i veka i staden for kvar 14. dag, og det var semje om å utvide dekningsområdet til Stordal, i tillegg til at ein prøvde å gje ei viss dekning av Liabygda og Geiranger. Talet på sider i kvart nummer vart også auka frå 8 til 12 eller 16. For å makte å lage den kraftig auka stoffmengda, blei Sissel Tiril Rem tilsett som redaksjonssjef, og Bjørnar Midtbust fekk den viktige oppgåva det var å lage så mykje og godt stoff frå Stordal at også stordalingane kunne kjenne at dette vart deira avis. N a m n e t måtte sjøvsagt endrast, og Storfjordnytt vart det fornya produktet heitande. Men å auke både mengda av abonnentar og annonsar såpass mykje var ikkje gjort på nokre veker. Det vart et-

ter kvart klart at lutlagskapitalen på 13000 kroner på langt nok var stor nok til å kome seg gjennom desse oppbyggingstidene. Hausten 1990 vart lutlaget avvikla etter eit kraftig underskot, og ein stor dugnad vart då sett i gang for å skaffe kapital til eit nytt aksjeselskap som skulle gi ut avisa. Etter ei par spanande veker hadde privatpersonar, organisasjonar, bedrifter og Stordal og Norddal kommunar ytt heile 300.000 kroner. Dette har sikra ei rimeleg stabil drift dei siste 10 åra, og Storfjordnytt har kome ut med 48 nummer kvart år under skiftande redaktørar. Ola Relling tok over etter Svein Linge, og seinare har både Randi Flø, Thomas Berdal og Morten Stemland slite redaktørkrakken. Som styreleiar i jubileumsåret sit Asle Olsen frå Stordal. Eg ønskjer Storfjordnytt til lukke med jubileet, og ønskjer avisa minst 20 nye gode år.



Det minner litt om eit bilete måla av den kjende målaren Adolph Tidemann, med det er frå redaksjonen sine første år i rådhuskjellaren. Frå venstre: Tormod Sunne, Kjell Rønning og Terje Linge.

Lokalavisa er ein viktig møteplass i kommunane våre. Avisa er god niste å ta med seg ut - og inn i det nye tusenåret.



NORDDAL KOMMUNE

treng Storfjordnytt

- for å kommunisere med innbyggjarane
- for å informere publikum heime og ute
- for å profilere kommunen

Norddal kommune ønskjer å vidareføre eit godt samarbeid og ønskjer til lukke med 20-årsdagen 28.11

Ordføraren

STORDAL KOMMUNE

ein kommune der alle har ein viktig funksjon.

Kommunen med mange og varierte tilbod og utfordringar. Kommunen der folk trivst!



Moderne landhandel



Dagens drivar på H.L. Muri, Hans Olav Muri.

Muri har levd mykje lenger enn avisa. Hans og Lars er dei to namna som har gått igjen i slekta. Dagens drivar er Hans Olav Muri. Oldefar hans, Lars Hansen Muri var det som starta landhandelen i 1881, så tok Hans Larsen over, og sidan vart det Lars igjen.

Då Hans Olav kom heim att etter skulegang i 1976, gjekk han inn i drifta saman med faren Lars og mora Brita. Faren døyddde i 1994, men mora er framleis ei aktiv dame på 75 år, som gjer ein stor innsats i butikken kvar dag.

Landhandel

- Det starta som landhandel, og det er det vel eigentleg i dag også, i moderne form, sier Hans Olav. I 1964 kom første utbygginga og dei kunne opne første sjølvbetjningsbutikken. Sidan har det vore fleire utvidingar. I 1975 var det ei stor utbygging for den tida å vere. Då handelslaget gjekk konkurs i 1988, kjøpte H.L. Muri bygningane og flytta daglegvarene dit året etter. I 1991 vart bedrifta omdanna til to aksjeselskap, eitt på eigedom og eitt på drift. I 1995 kjøpte dei anlegget til Storfjord Rutebilar, som dei leiger ut i tillegg til å bruke noko av det til lager.

Den største utbygginga kom i fjor, der butikken vart bygd saman til eit senter som også inneheld postkontoret.

- Vi satsar på å ha så breitt utval at vi kan tilfredsstille dei fleste behova. Men daglegvarer og ferskvarer utgjer halvparten av omsetninga, fortel Hans Olav.

For nesten 40 år sidan tok dei til i det små med sal av møblar. Filosofien er å ha fleire bein å stå på. Han held seg unna spesialområde som reiskap, jarnvarer og elektriske artiklar, sidan det finst slike spesialforretningar i bygda frå før.

- Det er ikkje lett å drive spesialforretning med kundegrnlaget som finst. Det er vik-

tig at dei er her, eg håper dei klarer seg, det burde ha vore fleire spesialbutikker her, seier Hans Olav.

Sommaren

Men om sommaren kan ein ikkje klage på kundegrnlaget. Mange dagar i vinterhalvåret går med underskot, men når sommaren kjem, blomstrar det opp. I juli månad er H.L. Muri den største butikken innan Spar-kjeden i denne regionen, som omfattar 50 butikkar frå Sogn til Brønnøysund. Også august er ein svært god månad, andre plass vart det i år.

Han meiner han er nøydd til å vere med i kjede når det gjeld daglegvarer, dette gjeld både innkjøp og marknadsføring, der det er Norgesgruppen som står bak.

Men når det gjeld møblar, har han funne det mest tenleg å stå utanfor. Han har tilbod om å bli med i ei møbelkjede, men han vil heller forhandle møblar frå dei fleste store produsentane i landet.

- Det er heile tida ein balansegang, ikkje bør vi ha for stort lager samstundes som vi vil ha eit godt utval, fortel han.

Av møblar sel han ein god del ut av distriktet, fordi han kan konkurrere på pris. Mange av møbelkundane er utflytta norddalingar.

Sal av møblar utover landet har auka på den siste tida. Han har kundar både i Troms og på Austlandet. Folk ringjer og vil ha tilbod på ulike møblar. At han klarer å konkurrere, forklarar han med at dei store møbelvarehusa stort sett har faste prisar på varene, der det ikkje er råd å diskutere pris. Han kan gi gode prisar utover landet fordi fabrikkane sender fraktfritt til næraste terminal.

Etter gjenopning og utviding av butikk-senter på Moa i oktober, har han ikkje merka noko nedgang. Han har prøvd å køyre hardt på pris og by fram vareutvalet.

H.L. Muri er ein av annonsørane i første utgåve av Norddal Bygdeblad. I kvart nummer i 20 år har butikken hatt noko å tilby kundane sine gjennom lokalavisa.

Kjenner dei fleste

- Korleis er det å drive butikk i ei bygd der du kjenner dei fleste og dei fleste kjenner deg? Blir det mykje pruting?

- Innan møbel er det ein del pruting, det er kanskje vår feil, vi er vel litt for snille. Elles opplever vi ikkje noko pruting, fortel han.

På denne årstida er det 16 personar som har arbeidet sitt hos H.L. Muri, og om sommaren kjem det åtte ekstra. Bedrifta har totalt rundt 12 årsverk. Hans Olav er svært tilfreds med dei som jobbar der. Etter kvart har han delegert mange arbeidsoppgåver, og innrømmer at han er heilt avhengig av tilsette som gjer ein god jobb.

Lokalavisa

Til slutt må vi spørje han om kvifor han brukar Storfjordnytt som annonseorgan i staden for å sende ut sine egne flygeblad.

- Etter kvart har avisa fått ganske god dekning. De har vorte flinkare til å lage annonser og fått betre teknisk utstyr. For meg er det lett å vende meg til avisa for å få ut tilboda. Dessutan trur eg folk er lette å nå gjennom avisa. Storfjordnytt må du ha, seier han.

TEKST: RANDI FLØ

FOTO: ALFRED NILSEN

Stort og smått g

1981, 5. juni: Skuleidrettsdagen på Valldal skule. «Dagen begynte med regn og enda med sol. Her legg siste feltet ut på 800 meteren. Topp innsats!» kommenterer Storfjordnytt på førstesida. Andre saker på denne sida var første cruiseskip i Geiranger og: «Slutt på laksefiske i Valldal?» Lakseparasitt var oppdaga i elva.



1982, 14. august: Opning av vegen til Tafford. Storfjordnytt hadde ferie då vegen vart opna, men første nummer etter dette seier førstesida. «Tafford kjem». 30. oktober 1981 var det gjennomslag i tunnelen. Sjølve opninga var 1. juli 1982 ved statsråd Vidkun Hveding.



1982, 23. april: Fonnpåska. Førstesidesaka i denne utgåva etter påske fortel om medie-Norge som krinsa rundt bygdene våre. Det var Jamtefonna som gjekk. Det store snøfallet førte også til mange andre problem.



1983, 28. januar: Intervju med Zephyr, ei ung popgruppe. Dei som er med heiter Einar Otto, Håkon, Arne, Torkjell og Torgeir.



1984, 12. oktober: Verdsbarnedagen i barnehagen på Sylte på førstesida. På bildet ser vi frå venstre: Kristin Lingaas, Anders Rem, Karianne Vikene og Cathrine Berdal.



1985, 27. september: Bilde nummer 5000 i fotoarkivet. Denne vasken har verkeleg fått henge nokre dagar no i styggeveret. Det er Solbjørg Berli (Bilde nummer 4966 i arkivet) som steller med vaskinga for VIL. Solbjørg er kanskje ein av dei likaste støttespelarane laget har.



gjennom 20 år



Faksimile av førstesida til første utgåve av Norddal Bygdeblad 28. november 1979.



1986, 13. juni: Sparebanken Møre si avdeling i Valldal har nettopp fått installert minibank på sørveggen. - Dette er ein ny type, kan Einar Hoel fortelje. No vil ein satse på vanlege 100 kroners setlar, men ein skal også kunne leggje inn andre valørar.



1993, 16. desember: «Avisgranskarar i Taffjord.» Fjerde og femteklasse ved Taffjord skule gjennomførte ei spørjegransking om vaksne folk sine lesevanar. Vi merkar oss med sorg at tre av dei fem spurde ikkje las Storfjordnytt. Bak frå venstre: Dan-Olav Lynnes, Elisabeth Taffjord og Kent Runar Vad. Framme: Silje Synnøve Kaldhusdal og Kristian Taffjord Vike.



1991, 18. juni: Odd Helland fekk den største fisken i Stordalselva. Han var 13 kilo og sat på andre kastet.



1994, 5. mai: Inge Sunde opnar SparMat-butikken i Valldal. «Kaffikråa vil bli der som før, lovar han.»



1998, 22. april: «Kan miste drosja,» står det på førstesida. «Drosjeløyvet i Liabygda heng i ein endå tynnare tråd etter at Norges Taxiforbund på siste styremøte vedtok å halde fast på innstillinga...» Frå venstre: Ivar Baade, Dagny Lied og Fredrik Myrvang.



1996, 18. januar: «Høg temperatur i prestebustadsaka» er overskrifta på førstesida. Her vert det røysta om kvar presten skal bu. Biletet er frå kyrkjelyds-møte med avrøysting i Norddal.

20 år med lokalt stoff – det set vi pris på!

Cylindertrykk
CYLINDERTRYKK AS
POSTBOKS 55 - 6230 SYKKYLVEN

HARAMSNYTT

Lokalavisa
for Haram
og Sandøy

Sulaposten

NyttiUka

NORDEVSTnytt
LOKALAVISA FOR AURE, SMØLA OG TUSTNA

Sunnmøringen
6200 STRANDA

Sykkylvsbladet

LOKAL NYTT AS
POSTBOKS 55 - 6230 SYKKYLVEN

vestAvisa

ØY-BLIKK
LOKALAVIS FOR GISKE KOMMUNE

Stordal blir med!

H austen 1988 kom dåverande Norddal Bygdeblad ut med nokre gratisnummer til alle husstandane i Stordal. Svein Linge hadde overtatt redaktørkrakken frå veteranen Terje Linge, og den nye redaktøren sysla med tanken om ei større og meir moderne lokalavis for dei indre fjordstroka. På denne tida var Bygdebladet på Sjøholt einaste lokalavisa for stordalingane - den avisa var kanskje mest kjend for til dels håplaust språk og grammatikk på førskulenivå. Det pirra derfor ekstra på interessa når Norddal Bygdeblad kom på bana - heilt annleis i stilen, solid nynorsk - men med lay-out som kanskje var meir amatørmesig.

På denne tida var hobbyfilosof, peacekeeper og major - Svein Ruset - lærar på Stordal skule - det same som eg. Han hadde mange og ofte fornuftige tankar om framtida for dei indre fjordstroka og om samfunnsutviklinga generelt. Eit mykje diskutert friminuttstema var samarbeid mellom bygdelaga på indre strom - framtida for våre små lokalsamfunn låg i at vi løyste oppgaver saman, sa majoren. Eit felles avisprosjekt - med basis i Norddal Bygdeblad - var eit av dei tiltaka han tala varmt om - «Gode grannar» ville Svein at den felles avisa skulle heite.

Kva var det så med Norddal Bygdeblad som gjorde at dette var ei attraktiv avis for stordalingane og ei interessant jobutfordring for meg? Eg har tatt vare på alle nummera frå nr. 4 i 1989 - der jobben som stordalsjournalist blir utlyst, og til nr. 26 i 1990 - det siste eg skreiv i som journalist. Ein sjelden gong tek eg fram desse avisene og mimrar litt over forgangen tid - sjølv om det berre er vel 10 år sidan, virkar det på mange måtar som fleire tiår.

Norddal Bygdeblad fekk ein pangstart i Stordal - mykje pga. redaktør Svein Linge sine visjonære tankar og iherdige pågang på møbelindustri og kommuneadministrasjon. I nr. 4 frå januar 1989 står tvers over forsida; *Bli vi ei lokalavis for Norddal og Stordal?* I artikkelen er det vist til at Stordal formannskap hadde løyvd 20 000 til dekking av lønnsutgifter for ein journalist i Stordal i 6 månader. I vedtaket poengterte formannskapet at dei la spesiell vekt på oppbygging av ei informasjonsbedrift - m.a. for å hjelpe det lokale næringslivet med informasjonsopplegg og å arbeide for eit kompetansesenter innan reiseliv, landbruk og møbel.

Det var likevel 2 andre aktørar som også måtte støtte planane om å innlemme Stordal i avisa sitt nedslagsfelt;

årsmøtet i Norddal Bladlag måtte godkjenne opplegget, og møbelindustrien i Stordal måtte også gå inn med løyving av midlar til ein Stordalsjournalist.

På side 4 i dette nummeret finn vi også annonsen for den nyoppretta journaliststillinga i Stordal. Eg kan hugse at eg denne helga hadde lånt med meg heim ei av datamaskinane på skulen - kompetanseheving i privat regi med ei TIKI 100 utan harddisk og med to diskettstasjonar! På denne maskinen skreiv eg ein to-siders søknad på journalistjobben - utforma som eit ekstranummer av Norddal Bygdeblad - faktisk ikkje så reint lite kreativt, om eg skal seie det sjølv! Dette året gjekk eg med ca 30% redusert lærarjobb for å ta meg av Liv Gunvor vel ein dag i veka. Eg syntest derfor eg hadde tid til ein ekstrajobb - som kanskje kunne utførast på kveldstid og i helgane.

To nummer seinare - i nummer 6 frå februar 1989 - står altså resultatet på tvers over heile forsida; *Stordal blir med!* No hadde brikkene falle på plass med finansieringa, og trass i at styret i Norddal Bladlag ikkje hadde behandla tilsettinga, tok redaktøren sjansen og tilsette meg som journalist på leiarplass. (Kanskje fordi det ikkje var andre søkjarar?) Eg hadde allereie gjort avtalar med han om å starte skrivinga, og nummer 6/89 er det overflod med stordalsstoff. Her er artiklar om volleyballjentene, barnehageutvidinga på Andershaugen, 200-årsjubileum for gamlekyrkja, intervju med Alf Overøye om januarveret (Mot normalt - ekstremt med nedbør!) og med Ola Stavsen som brende relieff i keramikerverkstanden hos Eli og Mike Boatwright - og som ikkje hadde planar om å vende tilbake til Norge frå Roma! Ja, utanom Arne Sandnes sitt «Perspektiv og paradoks» og Jørgen Storås sitt heilsides lesarinlegg med tittel «Om pengane» - som var andre halvdel av eit svar til Håkon Heggen (den andre heilsida stod i nummeret før!), var det lite norddalsstoff - kanskje med unntak av ein liten sportsnotis som fortalde at Else Ragni Ytredal hadde blitt norgesmeister i skyttesprint! Norddalingane måtte nesten føle seg tilsidesett!? Men redaktøren hadde nok ein plan - her gjaldt det å friste stordalingane med mykje aktuelt stoff - abonnementsoffensiven skulle starte no - samtidig som det vart utlyst namnekonkurranse. Alt skulle gjerast for å knytte stordalingane til «den nye avisa»!

På få veker var over 200 stordalingar abonnentar på Norddal Bygdeblad - som faktisk skifta namn til SN (Storfjordnytt) allereie i nummer 7/89. I utgangspunktet var dette berre eit prøvenamn, men eit årsmøtevedtak noko seinare stadfesta namneskiftet. Volleyballjentene var nokre av dei mest populære idrettsutøvarane i Stordal på denne tida, og redaktør Linge knytta dei til seg som abonnementsjegerar. Over 100 abonnentar greidde dei å skaffe ved å gå frå dør til dør i heile bygda. I det heile blei vi som var med på denne oppstarten møtt med utruleg mykje positive haldningar - eg trur folk verkeleg såg fram til å



Bjørnar Midtbust frå Stordal fortel om sine opplevingar som journalist i Storfjordnytt.

få både eit lokalt talerør og ein lokal spegel på kvardagen.

I starten av stykket skreiv eg at eit tilbakelikk over desse 10 åra kunne virke som fleire ti-år. Korleis det? Eit enkelt døme: I skrivande stund sit eg i kjellaren heime i Hovslia og skriv på PC-en. Om ei lita stund er eg ferdig med dette skriveriet. Då skal det berre nokre tastetrykk til, før artikkelen susar inn i E-postkassa til SN i Valldal. Der blir artikkelen i morgon henta fram på skjermen, og med enkle grep redigert inn i jubileumsnummeret av SN. Korleis var så dette for 10 år sidan? Eg skreiv i førstninga alle artiklar for hand heime. Tirsdagane etter skuletid køyrde eg så inn i Valldal og sat åleine i gamlebanken og skreiv inn på data til langt på natt. Det vart nokre seine køyreturar ut att med verkande auger og bankande hovud. Eg slapp heldigvis å vere med på ferdiggjering av avisa onsdagskveldane - det vart visst nok litt av eit nattarbeid - noko stoff kom alltid i siste liten og teknikken var ikkje alltid samarbeidsvillig! Etterkvart fekk eg datamaskin i kjellaren heime, og kunne skrive inn artiklane etterkvart som eg produserte dei. Deretter var det å legge disketten i ein konvolutt og sende han med ein velvillig bussjåfør i dåverande Storfjord Rutebilar, som leverte disketten saman med filmen den veka, på bensinstasjonen i Valldal. Der henta Ola Relling eller Sissel Tiril Rem stoffet og starta opp med redigering og framkalling.

Som journalist skreiv eg siste gong i Storfjordnytt i nr. 26 i juli 1990. I nesten 1 1/2 år var eg med på å etablere avisa i Stordal. Det var ei spennande og innholdsrik tid - kanskje litt meir intens i Norddal enn i Stordal - for dei som t.d. hugsar eventyrskriveria til gamleredaktør Svein Linge. Når Storfjordnytt no jubilerer, stiller eg meg i rekka av gratulantar, og håper at det eg var med på for 10 år sidan framleis vil vare. At vi treng ei lokalavis for indre fjordstroka, er eg like sikker på som eg var den gong major Ruset lufta tankane sine om samarbeid mellom bygdelaga rundt Storfjorden - det har ikkje blitt mindre aktuelt etter som tida har gått.

Derfor; til lukke med dei 20 som har gått - og til lukke med dei 20 som kjem!



Forsida på Norddal Bygdeblad 10. februar 1989

Storfjordnytt

Fjelltur og friluftsliv

— meir enn berre tidsfordriv!



Malin Hollum, Oda Beate Nygård og Bjørn Helge Nygård badar i haustfargar og lys.

Det kan vere enkle turar til Nonshaugen eller Nøre Herdal, kanskje ein tur til Kallskard-dalen og Vassdalane eller valet mellom Storvasshornet eller Skårne, fremste, mellomste eller heimste Skårne? Eller kanskje som sist søndag som når haustaveret har vore så overlag fint, og ein i midten av november kunne ta turen opp Kyrkjegjølet og retur om Tverrafjellet og mosesvødene. Mulegheitene er uendleg mange og utbyttet og opplevingane like mange.

Stundom kan målet vere å studere geologi og då kjem ein kanskje nedatt med ein vakker blå stein som etter gransking i bøker og etter ein "steingalen" nabo sitt utsagn viser seg å vere kyanitt. Andre tider er ein berre fasinert av det fine landskapet og den

flotte og fargerike fjellfloraen, og kanskje tek du knoppar av perikum med heim for å lage perikumdram. Så kjem hausten med klår luft og mognande bær. Du veit kvar du finn dei. Over ein bekk og endå ein til myrkanten ved krattet, og der finn det solmodna, saftige myras gull som molta er. Kjeler litt med dei lubne bæra i handa før dei går i spannet. Veit at du får sjå dei att julaftan og nyttarsaftan som herleg moltekrem med fjellets eigen smak! Neste tur var blåbærtur med familien, dei finst dei også, og så var det kanskje fleire tyttebærturar. Raude og fristande! Kom og ta meg ! Såleis har spisskammer og matbod fått forsyning av slikt som skal følgje pannekaker og kjøttaker på bordet. Så var det storkræå som skule prøvast i Oaldsvatnet, Litleøvstedalen eller kanskje

Norddal og dei hine bygdene i indre fjordstrok har ein overdådig vakker natur, og mange er det vel av oss som i ledige stunder kjenner lyst og dragnad mot fjell og friluftsliv for oppleving, trim og rekreasjon.

TEKST: BJØRN HELGE NYGÅRD
FOTO: JOHN KÅRE STORÅS



Jaktlag på Tverrafjellet.

var det i Vassdalane? Den største eg såg, fekk eg ikkje lurt på kroken, men vi klappa ei på 0,7! Og dessutan seier mange at det ikkje er størrelsen det kjem an på,..men smaken!

Naturen gir føde for kropp og sjel, og ved å bruke nauren vert du ein del av sjølve naturen, du opplever heilskap og samanheng i tilværet. Men det er også reint saligjerande å ferdast i vill og vakker natur. Spannande å finne nye ruter og nå nye toppar, det å kunne bestige og overvinne, kome seg opp

i høgda og i bokstaveleg forstand nå sitt mål, nå toppen og sjå utover land og rike. Flott! Herleg !

Naturen er i seg sjølv det mest storslåtte kunstverk, skiftande til alle årstider. Gule mosesenger med knallraude rypebær, kartlav på stein, ei stille tjønn, dei kvite vidder og deb blånande bre, kneisande majestetiske tindar og den haustgule skog. Stille fred og ro for sinn og tanke. Trivsel, velvære og med stadig von om nye turar og friluftsgleder.

